

ÅTTA AUGERUNDT EIT BORD

PROSJEKTSKILDRING

Kunstnarisk målsetting og idé

*”Det er utrolig hva barn kan glemme,
og hvor fort et barns sorg kan være liksom oppløst i intet.*

– Men det er like sant at barn kan oppleve noe sånn så det aldri glemmes, og det mens det står og går midt imellom voksne mennesker som ikke aner at det skjer noe. Inntrykk synker dypt inn i det åpne sinn, tilføyer det sår som aldri heler...”

Sigrid Undset

Med ÅTTA AUGERUNDT EIT BORD skal vi bevega oss inn i rom vi ikkje ser, rom vi ikkje snakkar om. Vi skal nærma oss det som ligg skjult, gøymt. Vi skal sjå på konsekvensane det fekk, det som skjedde. Vi skal stilla spørsmål, utfordra, og våga å stå tappert i møte med sår og sorg – alt det som kastar skuggar, lukker, held oss att. Vi skal ta eit oppgjær med det som tynger, setta ord på. Vi skal bevega oss innover, bakom, midt mellom alt, igjen.

Og kanskje, kanskje kan vi kasta lys på noko som gjer at me får det litt betre, med oss sjølve, og i samspel med andre – med alt det vi er ein del av.

Vi er ei stemma av mange ansikt. Vi er skilsmissebarna.

TEMA – MATERIALE - FOKUS

Statistikken har lenge vist at skilsmisse er eit høgst vanleg fenomen i vårt samfunn. Kvar dag vil over 80 barn få beskjed om at foreldra deira skal gå ifrå kvarandre. Dette utgjer over 30.000 skilsmissebarn i året. For nokon barn vil skilsmissen i ettertid stå som ei lukkeleg løysning for ein dysfunksjonell familie. For nokon vil den stå som ein vanskeleg periode. Men for mange vil den ikkje berre stå som ein hending, men vera ein tilstand som fylgjer dei heilt inn i det vaksne livet. Det er desse vaksne barna sine perspektiv som skal få plass i framsyninga ÅTTA AUGERUNDT EIT BORD.

I mars 2017 vil vi avslutta forprosjektet, som til no har vore nytta til å henta inn materiale som framsyninga skal byggjast på. Faglitteratur og statistikk, samt intervju og samtalar med fagpersonar på område – psykologane Magne Raundalen og Ottar Næss, og samlivsterapeutane Sissel Gran og Frode Thuen, dannar basen for det faglege og faktabaserte materiale. Utover dette har vi fått tekstar frå informantar som alle er vaksne skilsmissebarn. Desse tekstane inneheld erfaringar og tankar om å oppleve ein skilsmisse, og kva fylgjer dette har hatt for informantane i deira liv.

Elles er mange av byggjesteinane inn mot manusutvikling erfaringar, tankar og betraktningar det kunstnariske teamet har gjort seg, som alle tre er skilsmissebarn.

Vi har óg snakka med fagpersonar med ekspertise på kroppslege plagar hos barn og ungdom med traume-erfaringar, som vil liggje til grunn for utarbeiding av det fysiske uttrykket i forestillinga. Her trekker me gjerne fram Vibeke Vigeland som ein viktig fagperson. Vigeland, som er tidlegare dansar og no danseterapeut, er også ein av informantane våre, og vi vurderer ho som ein viktig medspelar inn mot vidare tankearbeid rundt det fysiske – og særleg med tanke på hennar inderlege engasjement inn mot både tematikken og arbeidet med framsyninga.

Fokus for arbeidet så langt, har vore å jobba fram kjernepunkt – dei mest lada bitane av materiale frå både egne erfaringar, betraktningar og erindringar, informantane sine innspel, og fagpersonar sine bidrag gjennom samtalar og artiklar. I vedlagt utkast til dramaturgisk oppbygging får de innblikk i delar av materiale her. Vidare er målet å skapa ei framsyning som famnar om både det personlege og det universelle. I dette arbeidet blir det viktig å sjå korleis ein best bygger opp ei såpass samansatt framsyning, som ikkje berre har eit stort spenn i bakgrunnsmateriale, men som også vil få ein stor kompleksitet i det endelege sceniske uttrykket. Det mangefasetterte og alvorlege temaet legg naturleg nok somme føringar for korleis vi stemmer uttrykket, og våre egne erfaringar likeså – men med eit skarpt blikk på samspelet mellom materiale og dei ulike verkemidla, og dei moglegheitane desse faktisk gjer inn mot produksjonen, er vi trygge på at vi vil skapa ei dynamisk framsyning kor alle elementa får spela saman i ein finstemt heilskap.

Kort om forløp og handling

I forestillingen møter vi *det vaksne skilsmissebarnet – ei stemma av mange ansikt*. Alle dei vonde minna og tankane frå skilsmissen og oppveksten har barnet stua vekk og gøymt bort, som esker med skrot, innerst i mørkret. Eskene inneheld alt ein ikkje vil hugse, ikkje vil erkjenne, og ikkje orkar å bera med seg. Knuste drømmar, vonde tankar og fortrengde barndomsminner. I alle år har barnet følt kontroll ved å plassera desse eskene her inne og lukka døra bak seg. Men no er stabelen blitt faretruande høg. Den overskygger barnet og truar med å rase.

Rommet symboliserer eit universelt rom som vi alle har i oss sjølve. Det inste rommet der vi lagrar kassar på kassar med mental bagasje som vi ikkje orker å bera på, men som vi en dag vil erfare at vi ikkje kan gøyme bort lenger. Når vi møter barnet står det ved eit skilje i livet der det forstår at det som fins i dette rommet er noko som må opnast opp, gravast fram og kastast lys på, for at det skal kunna forstå seg sjølv og sine egne mønstre, og for å kunne oppleva forsoning og tilgjeving.

"Eg må finna ut kva det har gjort med meg, det som skjedde.."

Steg for steg følgjer vi skilsmissebarnet i møte med det som må takast eit oppgjør med, for sjølv å kunna stå fullt og heilt i livet, fri frå alt det som held ein tilbake.

FORM – VERKEMIDDEL

Framsyinga vil få en kollasjform, der fleire historier, skjebnar og liv vil blir spela ut i visuelle rom kor lydkulisser og musikk spelar inn mot tekst og fysiske tablå. Ein kompleksitet i materiale legg opp til eit komplekst uttrykk, som står som eit spanande utgangspunkt for utvikling av framsyinga. Likevel er det viktig at me jobbar fram ei gjennomgåande nerve som driv handlinga framover – om enn ikkje som i eit dramatisk forløp, så i det at ein ønsker å komma til bunns i noko.

ÅTTA AUGERUNDT EIT BORD har ein berande karakter, men ein karakter som står meir som ein skikkelse som representerer fleire. *Skilsmissebarnet* er ein felles nemnar her. I prosjektet skal vi famna om fleire stemmer og generelle betraktningar, men vi vil måtta halda det personlege og nære som eit drivande element i framsyinga.

Tekstmateriale

Karina Opdal, som er kunstnarleg leiar for produksjonen, er også einaste utøvar på scena. I samarbeid med dramaturg Marte Boge, scenograf Silje Sandodden Kise og medregissør Ann-Terese Aasen, vil Opdal utvikla det tekstlege materiale til framsyinga. Noko av dette arbeidet er allereie påbyrja, og i vedlagt tekstdokument får de eit innblikk i korleis dette kan koma til å ta form. Materiale elles vil bestå av kortare og meir poetiske sekvensar, små stikk av tekstutdrag, samt lengre passasjar som vil ta form som monologar. Materiale spenner seg frå det emosjonelle og erfaringsbaserte, til det objektive og meir faktabaserte. Erfaringar frå tidlegare prosjekt blir verdifulle inn ferdigstillinga av manuset, samt teknikkar og verktøy Opdal har opparbeida seg på skriveworkshopar, både på Litteraturhuset i Bergen, og i workshopen *Creating a character* med Kate Pendry på Cornerteateret hausten 2016.

Fysiske sekvensar

I samspel med koreograf og regissør Ann-Terese Aasen vil Opdal vidare utvikla fysiske sekvensar som skal inn i framsyinga. Vi skal forska i alt det som ligg lagra i kroppen av minner, stemningar, spenningar og emosjonar. Og der ord gjerne blir fattige, kan kroppen koma til å uttrykka det me ønsker å fortelja. Ann-Terese Aasen, som også er skilsmissebarn, har med sine personlege og kunstnariske kvalitetar eit godt utgangspunkt for å vera rettleiande og medskapande i dette arbeidet. Konkrete fysiske mønster skal utforskast – her har me allereie fleire døme frå kjernemateriale: *å stå midt mellom alt – som dukker i eit spel – å gøyma seg, forvitra – å kvila inntil.*

I eit arbeide med Andrew Morrish og hans workshop *Solo performance improvisation*, fekk Opdal i 2016 nokre gode verktøy for å utvikla fysisk materiale frå erindringar og kroppslege minner, noko ho også har fått jobba med i Bergen med Kristine N. Oma. Desse erfaringane vil bli særns nyttige inn i arbeidet med å improvisera fram sekvensar ut frå ein gitt ladning, for så å raffinera desse inn mot både tekstmateriale, scenografien, og dei audiovisuelle elementa i framsyinga. Så er det også aktuelt å møta Vibeke Vigeland for vidare utveksling av tankar og innspel om korleis ein kan

forska i det fysiske og det kroppslege – og korleis ein gjennom bevegelse kan forløysa spenningar og blokkeringar som følge av traumatiske opplevingar.

Musikalske & audiovisuelle element

På same måte som teksten vil få ein kompleksitet i uttrykket, vil også musikken bli eit samansatt verkemiddel. I hovudsak vil musikken forsterka, underbygga – skapa rom som opnar og lukker. Musikk og song er eit sterkt virkemiddel, og må nøye settast inn mot heilskapen. I dette arbeidet har vi med oss Thorolf Thuestad som skapande lydkunstnar, samt at vi ønsker å ta inn musikaren Kjetil Møster for somme bidrag. Opdal og Møster har tidlegare samarbeida med å utvikla lydkulisser og musikk saman, og vi trur han kan bli ein fin medspelar for prosjektet. Møster har ein unik evne til å skapa uttrykk som både kan få ein enorm intensitet og ein skjør tone i seg, noko vi trur vil spela godt inn mot det spennet som ligg i materiale.

Utover det meir elektroniske og instrumentale lydbilete som Thuestad og Møster vil bringa inn i prosjektet, ser vi allereie no konturar av andre uttrykk som spenner frå det klassiske til det populære – i vedlagt teaser og tekstutdrag vil de til dømes finna spor av både Coldplay og Debussy. Og når vi no går i gong med utarbeiding av manuset, vil nok fleire ting opna seg her. Elles er innspelte lydkulisser av tekst også eit virkemiddel som er tenkt inn mot den auditive heilskapen. Dette grepet er både for å skapa ein nødvendig variasjon i forhold til det tekstlege materiale, men også fordi slike sekvensar kan vera særst effektfulle og opna både materiale og rom ytterlegare.

Scenografi

Scenografien i ÅTTA AUGER RUNDT EIT BORD, er eit rom som både er universelt og spesifikt, abstrakt og konkret. Vi har jobba fram eit konsept der flyttekassar blir det berande scenografiske elementet. Framsyninga er planlagt spelt i Søylesalen på Cornerteateret, eit lite og intimt scenerom. Deretter skal vi spela i andre relativt små auditorier og scenerom. Framsyninga skal kunna oppstå på ulike stader, der ulike kontekstar rammar inn rommet. Men kjernen i rommet, er dei erfaringar vaksne skilsmissebarn ber med seg, som om dei var pakka ned i hundrevis av flyttekassar.

Vi vil byggje veggjar og skulpturelle stablar av pappeskene. Dei vil ramme inn rommet, men ikkje heilt. Eskene vil danne soner og fysiske stengsler som aktøren kan bruka. Ho kan byggja med dei, og konstruera opp nye scenarior. Ho kan riva dei ned, boksa med dei, eller la seg begravast. Hun kan springa mellom skyttargraver, og søka tilflukt. Ho kan bli eit lite barn, som brukar eska som gøymestad eller båt. Nokre esker vil vera spesialbygd, slik at ho kan bruka dei til å ligga, sitta eller stå på.

Tanken bak eskene er alle situasjonar i livet der vi pakkast ned minnene og eigendelane våre. Nokre av desse blir ståande og støve ned i kjellarar og loft, fordi vi gløymer dei, eller gøymmer dei, bevisst eller ubevisst. Av og til blir vi tvinga til å forholde oss til innhaldet. Ein barndomsheim må pakkast ned, nokon har gått bort, nokon skiljar lag, nokon flyttar inn eller ut. Desse romma av forandring, av endra

livsfasar, er universelle for alle menneske. Men den kjenslemessige betydninga er genuin for kvart enkelt menneske. Samtidig trur vi at skilsmissebarn vil kunne kjenna igjen andre sine erfaringar gjennom korleis ein stiller seg til eit slikt rom.

Andre visuelle verkemiddel

Vi vil bruka videoprojeksjon og lyd som sentrale verkemiddel i samspel med scenografien. Video, stillbilete og tekstbilete vil projiserast på ulike esker i rommet. Aktøren vil flytta eskene, og byggja opp større og mindre projeksjonsområder. Slik vil projeksjonen bli eit aktivt fortellande element, som nyttar seg av eit rom i stadig endring. Eit døme kan vera at aktøren spelar ut eit barndomsminne med dukker i eit dukkehus ho finner i ein kasse. Videoen vil visa nærbilete av leiken. Seinare vil andre scenario spelast ut i liknande rolleleik, og disse vil kun visast på video. Projeksjonen vil oppstå både inne i esker som opnast, og på utsida av eskene som om dei var lerret. Vi vil også visa tekst frå materiale vårt av fakta og minner, både i samspel med innspela tekst på lyd, og som einskilde element.

Scenografen vil utvikla ei dreiebok for framsyninga saman med kunstnarisk leiar når manuset blir skreve ut. Dei vil jobba med å la dei ulike verkemidla tvinnast inn i kvarandre, slik at framsyninga blir ein kompleks heilskap av fragment. Eit tett samarbeid med videodesignar Brynjar Vik vil bli vesentleg i dette arbeidet.

Sjå vedlagde fotoillustrasjonar for døme på bruk av projeksjon i rommet. Dette er konseptskisser, som skal utviklast vidare til ei konkret scenografisk løysning.

FRAMDRIFTSPLAN:

2017

Februar: ferdigstillast struktur manus – tett dialog med dramaturg og scenograf

Mars-mai: utarbeida skisse manus

April-juli: utarbeida dreiebok produksjonen – tekst inn mot det visuelle og fysiske

September-oktober: scenograf utviklar skisser og modellar

November: visuelle element, musikalske skisser og fysiske sekvensar blir utarbeida

Desember: alt materiale produksjonen ferdigstilt og samla inn

2018

8.-12.januar: musikalske prøvar, samt fysiske prøvar Bergen Dansesenter

15.-28.januar: prøvar WRAP-huset Bergen

29.januar-13.februar: prøvar SØYLESALEN Cornerteateret

Framføring og formidling:

13.-14.februar: prøve-/skuleframsyningar SØYLESALEN Cornerteateret

15.-18.februar: framsyningar SØYLESALEN Cornerteateret

Utover satte datoar for framføring, er vi i dialog med Frode Thuen på Høgskulen på Vestlandet angående oppsetjing av ÅTTA AUGERUNDT EIT BORD våren 2018. Visningar her vil bli knytt opp til faglege relevante periodar ved høgskulen, eller at Thuen sjølv bygger relevante opplegg inn mot framsyninga.

Målgruppa for framsyninga er primært unge vaksne. Vi ønsker også å vise framsyninga på videregående skuler i Hordaland. Vi jobber med å identifisere andre arenaer for framsyninga, der vi kan nå et annet publikum som temaet er relevant for. Dette kan være i sammenheng med arenaer for psykisk helse, familievern og andre organisasjonar som jobber for gode relasjonar mellom menneske.

ANTAL VISNINGAR:

6 framsyningar på Cornerteateret i Bergen februar 2018. Utover desse blir det lagt opp til skuleframsyningar og turné i Bergen og omegn skuleåret 2018/2019.